



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

MØTEBOK

Møtestad: Rådhuset Ølen
Dato: 22/10-25
Tidspunkt: kl 16

Medlemmer:	Steinar Sørhus, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd, leiar Dag Tormod Milje, geistleg representant, nestleiar Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd Ola Alne, Ølen og Bjoa sokneråd Lars Bernhard Skipevåg, Imsland sokneråd Harald Olav Stuhaug, Sandeid sokneråd Asle Dagsland, kommunal representant Karianne Dagsland, Skjold, Vats, Vikebygd sokneråd Bjørghild Vettrhus, Vikedal sokneråd
------------	---

--

Kyrkjeverje: Grethe Halvorsen



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
* Saksliste	Fellestrådet	22/10-25

Saksliste:

22/25	GODKJENNING AV MØTEBOK, INNKALLING OG SAKSLISTE
23/25	ORIENTERING OM REKNESKAP OG BUDSJETT Økonomisjef/rådgjevar økonomi deltek
24/25	REFERATSAKER
25/25	ORIENTERINGSSAKER
26/25	VEDTAK AV UMLEIGEPRISAR I SKJOLD KYRKJE
27/25	HØYRING OM KYRKJEVALSREGLANE
28/25	REPRESENTASJON TIL FELLES FELLESRÅD TYSVÆR/VINDAFJORD
29/25	NY MØTELISTE FOR 2026
30/25	DRØFTINGSSAK: Soknerådsvalet 2027: Eventuell endring av strukturen til sokneråda i Sandeid, Vikedal og/eller Imsland?
31/25	VEDTAK OM FØRING AV MEIRFORBRUKET 2024



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
22/25	Fellestrådet	22/10-25

GODKJENNING AV MØTEBOK, INNKALLING OG SAKSLISTE

Kyrkjeverja tilrår:

Møtebok frå sist møte, innkalling og saksliste vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Møtebok frå sist møte vart godkjent.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
23/25	Fellestrådet	22/10-25

ORIENTERING OM REKNESKAP OG BUDJETT

Vegard Bang eller Beate Tandrevold blir med og orienterer om økonomien til Fellestrådet, med tanke på budsjett og rekneskap. Det blir høve til å stille spørsmål.

Beate Tandrevold viste rekneskapen til Fellestrådet, slik det ser ut i kommunen sitt rekneskapsprogram.

Det blei stilt spørsmål om KLP. Dette skal Beate og kyrkjeverja finna ut meir om. (Eige møte)

Det er satt i gong mange nye vedlikehaldsprosjekter/investeringsprosjekter. Dette fører til ei auke i utgifter dette året.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
24/25	Fellesrådet	22/10-25

REFERATSAKER

23/25 -01 Overgang til kirkepartner

Det blei i september bestemt at Fellesrådet måtte ut av kommunen sitt IT-system og over i Kirkepartner sitt IT-system. Overgangen er godt i gong. Veke 43-44 er den kritiske fasen, der alt skal over frå gammalt system til nytt system.

23/25 – 02 Fellesnemd for samanslåing av Vindafjord og Tysvær fellesråd

Begge fellesråda gjorde i september intensjonsvedtak om samanslåing. Det blei oppretta ei Fellesnemd for Vindafjord kyrkjelege fellesråd og Tysvær kyrkjelege fellesråd. Denne har hatt møte. (Alle fellesrådsmedlemma får referat frå møtet)

23/25 – 03 Budsjett sendt inn

Framlegg til budsjett for 2026 er sendt inn.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
25/24	Fellestrådet	22/10-252

ORIENTERINGSSAKER

24/25-01 Portal over inngangsdør i Ølen kyrkje

Saka er hos Bispedømmekontoret

24/25 – 02 Hyrdingen treng fleire medarbeidarar

Hyrdingen treng fleire medarbeidarar. Dette er sokna sitt fellesprosjekt, og kvart sokneråd må engasjere seg. Sokneråda kan bidra med stoff og bilder, og kanskje hjelpe til med distribusjon. Kvart sokneråd bør ha ein kontaktperson som held kontakten inn mot redaksjonen i Hyrdingen. Dei tilsette i Fellestrådet kan og bidra med stoff og bilder til Hyrdingen. Kyrkjevevja tek dette opp på neste stabsmøte.

Fellestrådet spør 2 personar om å vera med i redaksjonen for å få ut dei 2 neste nummera.

Kyrkjevevja har sendt ut eit brev til kvart sokn om situasjonen.

24/25 – 03 Oppmerking av parkeringsplassar i Skjold og Vikebygd

Arne Tveit m.fl vil ta på seg arbeidet med å merke parkeringsplassar utanfor kyrkjene i Skjold og Vikebygd. Det er til stor hjelp når det samlar seg mykje folk i kyrkja.

24/25 - 04 Minnelund i Vats

I Vindafjord har me ingen Minnelundar. Det vil melde seg eit behov om dette etter kvart. I Vats er det nokon som vil gi ei anonym gåve som skal gå til bygging av Minnelund på kyrkjegarden i Vats. Fellestrådleiar Steinar Sørhus og arkitekt Arne Tveit har vore på synfaring og vil laga ei teikning av korleis ein vil at det skal sjå ut. Det er viktig at Vats sokneråd blir teke med på råd med omsyn til utforminga. Dei set i gong med denne saka no. Kyrkjevevja må etter kvart sendast søknad til Statsforvaltaren i Telemark og Vestfold.

24/25 – 05 Høyring: Forslag til endra prosti-inndeling

Stavanger bispedømmeråd sender ut ei høyring om forslag til endra prosti-inndeling. Dette gjeld ikkje Haugaland Prosti, derfor er det ei orienteringssak. Sjå info under.

Gjennomgang av prosti-inndelingen i Stavanger bispedømme

Arbeidsgruppa gir i det følgende anbefalinger om prostiinndelingen i Stavanger bispedømme.

*Beholde prostier som er sammenfallende med fellesrådsområdene: Sandnes, Karmøy

* Beholde prostiene Haugaland og Ryfylke

*Flytte soknene i Finnøy og Rennesøy fra Tungenes prosti til Ytre Stavanger prosti:

Det anbefales at Rennesøy sokn, Hesby sokn, Sjernarøy sokn og Talgje sokn overføres fra Tungenes prosti til Ytre Stavanger prosti

*Sammenslåing av Ytre Stavanger prosti og Stavanger domprosti:

Selv om der foreligger usikkerhet knyttet til prostiets størrelse og prostens muligheter til å utføre sine oppgaver i et så stort prosti, anbefaler arbeidsgruppa en sammenslåing av Domprostiet og Ytre Stavanger prosti. På grunn av usikkerheten anbefales det at det først gjennomføres et forsøk for å prøve ut hvordan et prosti for Stavanger kommune kan fungere. Det tas endelig stilling til sammenslåing etter at forsøket er gjennomført og evaluert.

*Dalane prosti, Jæren prosti og Tungenes prosti:

Det anbefales at soknene i Dalane prosti, Jæren prosti og Tungenes prosti fordeles på to nye prostier. Soknene i Time kommune, Klepp kommune, Randaberg kommune, Sola kommune og Kvitsøy kommune kan utgjøre det nordlige prostiet, «Nord-Jæren prosti»

Soknene i Hå kommune, Gjesdal kommune, Eigersund kommune, Bjerkreim kommune, Sokndal kommune og Lund kommune kan utgjøre det sørlige prostiet.

Et flertall i arbeidsgruppa anbefaler at det sørlige prostiet får navnet «Dalane og Sør-Jæren prosti». Et mindretall i arbeidsgruppa anbefaler navnet «Sør-Rogaland prosti».

Sakene vart teke til orientering



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
26/25	Fellesrådet	22/10-25

VEDTAK AV UMLEIGEPRISANE I SKJOLD KYRKJE

Til Vindafjord kyrkjelege fellesråd

Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd har i møte 29/4 drøfta og vedteke nytt forslag til utleigeprisar for kyrkjene våre. Forslaget som går til Fellesrådet er dette:

Sak 6/25

- Det er kyrkjekontoret skal administrera utleige, det er naturleg at dette sorterer under kyrkjevevja/dagleg leiar.

Forslag til utleigeprisar:

- Skjold kyrkje: Nede, utleige til barnebursdag og liknande, 500,-

Overetasjen, dvs. Kyrkjebakken, sidesal, kjøkken 2000,-

Konsertar 2000,- + 5% av aktuelle inntekter

Møter/andre arr 2000,-.

Heile bygget 3000,-

- Vats kyrkje & Vikebygd kyrkje : 1500,-
- Leigetakar må rydda og kosta etter bruk, vask er inkludert .

For Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd

29.4.25

Ingrid Mathilde Sørvåg, skrivar

Kyrkjevevja tilrår å vedta utleigeprislista med eit tillegg at ein kan leige eit enkelt rom oppe for 500, slik som nede.

Vedtak samrøystes: Fellesrådet vedtek utleigeprislista med eit tillegg at ein kan leige eit enkelt rom oppe for 500 kr, slik som nede.



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESTRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
27/25	Fellestrådet	22/10-25

HØYRING OM KYRKJEVALSREGLANE

Kyrkjerådet har sendt ei høyring om forslag til nye kyrkjevalsreglar. Me er blitt valde ut til å svare på denne høyringa. Les gjennom høyringsforslaget som ligg ved, og notèr ned der du er ueinig eller har merknader. På møtet svarer me på dei obligatoriske høyringsspørsmåla saman.

Samandrag:

«Høringen inneholder forslag til nye kirkevalgeregler og endringer i enkelte andre regelverk. Målet er å forenkle regelverket og gjøre kirkevalget mindre ressurskrevende. Høringsnotatet dekker flere aspekter, inkludert digitalt valg, stemming ved oppmøte, frister, kunngjøringer, valgorganer, nominasjon, listeforslag, supplerende nominasjon, informasjon om lister og kandidater, protokollering og offentliggjøring av valgresultater, manntall, beredskap, omvalg og klager, nytt valgoppgjør i perioden, suppleringsvalg, og valg i kategorialmenighetene. Det foreslås at kirkelig fellestråd får ansvar for stemming ved oppmøte og at alle eventuelle papirstemmesedler bare telles opp lokalt. Fristen for å levere listeforslag flyttes fra 31. mars til 15. april. Reglene for stemmerett for valg av prest foreslås forenklet. Forenkling av regelverket vil spare ressurser på alle nivåer i Den norske kirke, både økonomisk og i arbeidstid for ansatte og frivillige.»

Fellestrådet svara på alle spørsmåla i høyringa.

Kyrkjevevja sender inn resultatet innan fristen 21.november 2025



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
28/25	Fellestrådet	22/10

Representasjonen til eit felles fellestråd for Tysvær og Vindafjord

I samband med arbeidet med ei eventuell samanslåing av Tysvær og Vindafjord fellestråd så er Vindafjord bedt om å avklara korleis deltakinga i eit fellestråd skal vera frå Vindafjord.

I Tysvær er det tre sokn, medan det i Vindafjord no er sju sokn. Reglane i kyrkelova er at det skal vera eit medlem frå kvart sokn i fellestrådet når dette har fem eller fleire medlemmer. I dette nye fellestrådet vil dette vera urimeleg, og det er difor ein føresetnad at det blir gitt dispensasjon slik at det møter tre frå Vindafjord i fellestrådet.

Ei naturleg deling vil sannsynlegvis vera at ein deler inn slik kommunen har gjort med ungdomsskulekrinsane. Det vil då vera slik:

- Ølen og Bjoa har allereie eit sokn ved at Bjoa og Ølen slo seg saman for kort tid sidan.
- Skjold, Vats og Vikebygd er tre sokn, men har frå sist val arbeidd saman som eit sokneråd.
- Sandeid, Vikedal og Imsland er tre ulike sokn og sokneråd.

Kyrkerådet har høve til å gje dispensasjon:

I [kirkeordningens § 8, fjerde ledd](#), står det:

I prosti hvor ikke alle sokn hører til samme kommune og i andre tilfeller der det ligger til rette for det, kan Kirkerådet samtykke til etablering av kirkelig fellestråd som omfatter flere kommuner. I kommuner med særlig mange sokn kan Kirkerådet også foreta andre tilpasninger av bestemmelsene om kirkelig fellestråd.

Me er råda til allereie no å avklara korleis dette skal gjerast for Vindafjord. Me vil då senda dette inn til Kyrkerådet for å få ei førebels tilbakemelding, kor sjølv søknaden om representasjon blir ein del av den endeleg søknad om samanslåing til Kyrkerådet.

Framlegg til vedtak:

1. Vindafjord fellestråd ynskjer at representasjonen til eit felles fellestråd for Tysvær og Vindafjord blir slik:
 - a. Ein representant valt av Ølen og Bjoa sokn.
 - b. Ein representant valt av det felles soknerådet for sokna Vikebygd, Skjold og Vats.
 - c. Ein representant valt i fellesmøte mellom sokneråda i Imsland, Vikedal og Sandeid.
2. Dette blir lagt inn som premiss i det vidare arbeidet i fellesnemnda for Tysvær og Vindafjord.
3. Leiar i fellestrådet og kyrkjevevjer følger dette opp overfor Kyrkerådet.

Kyrkjeverja tilrår å vedta framlegget.

Møtehandsaming: Det blei foreslått at det blir valt fast vararepresentant til kvar av dei 3 representantane.

Vedtak samrøystes:

1. Vindafjord fellesråd ynskjer at representasjonen til eit felles fellesråd for Tysvær og Vindafjord blir slik:
 - a. Ein representant valt av Ølen og Bjoa sokn.
 - b. Ein representant valt av det felles soknerådet for sokna Vikebygd, Skjold og Vats.
 - c. Ein representant valt i fellesmøte mellom sokneråda i Imsland, Vikedal og Sandeid.
2. Dette blir lagt inn som premiss i det vidare arbeidet i fellesnemnda for Tysvær og Vindafjord.
3. Leiar i fellesrådet og kyrkjeverje følger dette opp overfor Kyrkjerådet.
4. Det blir valt fast vararepresentant til kvar av dei 3 representantane.



VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
29/25	Fellestrådet	22/10

Vedtak ny møteliste for 2026

Sidan me skal ha Fellesnemnd med Tysvær framover, er det viktig at me samkøyrer tidspunkta for fellesrådsmøta i Vindafjord kyrkjelege fellesråd og Tysvær kyrkjelege fellesråd. Då har me same informasjonsflyt omtrent på same tid i begge fellesråda.

Framlegg til møteplan for fellesrådet (samkøyrte med Tysvær sin møteplan)

- Veke 3, 14. januar
- **Veke 10 4.mars Fellesmøte for alle sokneråda i Vindafjord**
Tema: rydde og klyppe uteområdet-samarbeid
- Veke 18, 29.april
- Veke 23, 3. juni
- Veke 36, 2. september
- Veke 42, 14. oktober
- Veke 48, 25. november

Tilråding: Kyrkjevevja tilrår å vedta møteplanen.

Møtehandsaming: Det blei foreslått at me kan velje tema for fellesmøtet på eit seinare tidspunkt. Dato for fellesmøtet 4.mars må sendast ut snart, slik at det kjem med i møteplanen for sokneråda.

Vedtak samrøystes: Fellestrådet vedtek møteplanen for 2026.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
30/25	Fellesrådet	22/10-25

Drøftingssak

Soknerådsvalet 2027: Eventuell endring av strukturen til sokneråda i Sandeid, Vikedal og/eller Imsland?

Ser sokneråda i dei indre bygdene for seg eit felles sokneråd for 2 eller alle sokna med modell etter Skjold, Vats og Vikebygd for valperioden 2027-31? Det er viktig med ei tidleg avklaring rundt dette, då ei må søkja bispedømmet om eventuelt valteknisk samarbeid.

Sandeid, Vikedal og Imsland synest dette er eit vanskeleg spørsmål. Vil ein gjennom ei samanslåing miste dei som tek i ei tak for «si» kyrkje, og ikkje ynskjer å vera med å drive fleire sokn?

I nokre av desse sokna er det vanskeleg å få folk til å stille til val i sokneråda. Vil dette bli lettare eller verre, viss ein slår seg saman?

Det kom forslag om at ein kunne få nokon frå soknerådet i Skjold, Vikebygd og Vats inn på eit fellesmøte, for å fortelja om erfaringar som dei har gjort ift samanslåinga av sokna sine.

Kan tettare samarbeid føra til betre utnytting av ressursar?

Kan det vera ein mogelegheit å slå saman to sokn?

Kanskje ein kan starta med å samarbeida om t.d. felles gudstenestar og andre arrangement?



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
31/25	Fellesrådet	22/10-25

Vedtak om føring av meirforbruket 2024

Denne saka kom frå Økonomiavdelinga rett før møtet.

Økonomiavdelinga i kommunen må ha eit vedtak på kor meirforbruket for 2024 skal førast i rekneskapet, slik at dei kan gjera ferdig arbeidet sitt.

Tilråding: Kyrkjeverja tilrår at meirforbruket for 2024 skal førast på Disposisjonsfondet.

Vedtak samrøystes: Fellesrådet vedtek at meirforbruket for 2024 skal førast på Disposisjonsfondet.

Neste møte blir onsdag 26.nov kl 16 på Øvregård i Imsland.

Meny: rømmegraut og spekemat.